

Saksprotokoll

Organ: Plan og forvaltningsutvalet

Møtedato: 27.04.2021

Arkivsaksnr.: 20/8419-18

Saksnr.: 22/21

Saksprotokoll - Klage på avslag på å bruke anneks som ei sjølvstendig brukseining - g/bnr. 19/184

Handsaming:

Habilitet:

Stig Ølmheim bad om at utvalet vurdere hans habilitet då han er hytteeigar i same felt.

Plan og forvaltningsutvalet fann Stig Ove Ølmheim habil, samrøystes.

Dette gir følgjande vedtak:

1. Klage på vedtak i sak 6/21, der søknad om dispensasjon frå reguleringsføresegn § 3.4.1. slik at anneks kunne nyttast som ei sjølvstendig brukseining vart avslått, vert ikkje teken til følgje.
2. Avslaget er grunngjeve med at føresegna det er søkt dispensasjon frå vert sett vesentleg til sides. Klagar har ikkje kome med opplysningar som skal tilseie at vi skal kunne vurdere dette annleis, berre påpeikt dei fordelane som ligg føre ved at dispensasjon blir gjeve. Det ligg etter plan- og forvaltningsutvalet sine vurderingar ikkje føre nye opplysningar som gir grunnlag for ei endring av vedtak i sak 6/21. Det vert ut over dette vist til vurderingar og grunngjeving i saksutgreiinga.
3. Klagen vert sendt Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.